


# NYTT om iraqw - bibelen



---

Nr. 3

JUNI 2004

GT TIL STAMMESPRÅK I TANZANIA

---

Grete Skår

Mer enn alt!

Jeg sitter her med den forunderlige Bibelboka foran meg, oppslått på Efeser-brevet. Utenpå er det ikke noe spesielt med denne boka, men ordene innenfor de rødbrune permene er spesielle; det er Guds ord til oss menneskene. Det skal være til både styrke og trøst. Vi tar denne boka som en selvfølge, det at vi har den på vårt eget språk. Hos noen står den i bokhylla og bare støver ned, mens hos andre er den i flittig bruk.

Hvorfor er vi blant de som tidlig fikk Bibelen på morsmålet? Har vi ikke mye å takke for? Hver dag kan vi lese i Herrens Bok, og vi kan ta del i Jesus Kristus ved evangeliet.

Nå er Bibelen på Iraqw-språket ferdig, og det er stor glede. Ja, er det ikke stort! Har vi ikke mye å være takknemlige for! I Ef. 3,6 står det at også hedningene har fått del i arven; de hører med til det samme legeme og har del i løftet i Jesus Kristus i kraft av evangeliet. Det er viktig med leseundervisning, og å få Bibelen ut blant folket der ute.

Hvordan vil det gå? Det er mange urolige tanker for de som står i spissen for dette arbeidet. Ef. 3,20-21 sier : Men han som kan gjøre mer enn alt, mye mer enn det vi ber om og forstår, etter den kraft som virker i oss. Han skal ha ære i menigheten og i Jesus Kristus, gjennom alle slekter i alle evigheter. Amen.

Mer enn alt! Er ikke det betryggende å vite? Vi har ingen ting å frykte, for han kan gjøre mer enn alt. La oss legge alt i Herrens hender og hvile i Hans løfter. Han kan gjøre mer enn alt, og hvor mye har vi da igjen å frykte for. Det blir ikke mye igjen. Nei. INGENTING!

*Vi skal være tro mot sannheten i  
kjærlighet og i ett og alt vokse opp  
til ham som er hodet, Jesus Kristus.*

Ef. 4,15-16.

## Evangeliseringsarbeid i fengselet og på marknaden.

Fyrst takkar eg Gud som gav meg kallet til å forkynna evangeliet for fangane, slik at fangane og kan skjønna at dei er med i Guds frelsesplan.

Då eg fekk dette kallet i 1990, kontakta eg Øverste sjefen i fengselet. Han rådde meg til å gå om District Commissioner (fylkesmannen) med dette. Då han fekk brevet mitt om dette, sende han denne søknaden vidare til kommisæren for alle fengsel i Tanzania. Så fekk eg løyve frå denne kommisæren til å gjera denne åndelege tenesta. Han bad om tre bilete i passfoto-format - av meg som skulle utføra denne tenesta som spesiell forkynnar der i fengselet i Mbulu.

Så starta eg med dråpsundervisning der i fengselet. I året 1996 vart 16 fangar døypte. I 1997 vart 6 konfirmerte. I 1999 vart 5 døypte I år 2000 vart 3 opptekne i menigheten på nytt.

Talet på fangar i Mbulu er no 280. Alle desse har fått Det nye testamentet (på swahili) frå Gideonorganisasjonen. Og dei har fått NT på Iraqw, lommetestamentet. Det blei delt ut 192 bøker i alt. Dessutan har dei fått 300 bibelske bilethefte. Andre bøker og hefte som er utdelte er traktatar, Matteusevangeliet og 1. Mosebok. Dei eldre mellom fangane var sers glade for NT med Salmane i den første utgåva, på grunn av den store skrifta som gjær det så lett å lesa.

Det største problemet der i fengselet er at fangane ikkje kan vera stille. I gudstenestetida er dette problemet stort, og kjem frå dei som møter opp på gudstenesta og ikkje bryr seg om undervisninga i Guds Ord. Andre fangar prøver å få medfangane sine med på undervisning og gudsteneste. Og då legg eg vinn på å læra dei å forstå at dei må vera stille under gudstenesta.

Det gleder meg veldig å sjå kor dei førebur seg til gudstenesta sjølve, og førebur ein spesiell del av gudstenesta heilt frivillig og sjølvmint. Dei legg og vinn på å danna korgupper. Dei gongene eg ikkje har høve til å koma til gudstenesta, gjev eg melding til dei, og dei tek sjølv ansvaret for å leia gudstenesta den dagen. Dei som har så stor tillit i fengselet at dei kan få ta seg av leiinga, er desse fire: 1. Medaradi, 2. Mduta, 3. John Tluway, 4. Loti Elisha.




*Joshwa sel bøker på marknaden i Mbulu*

John Tluway er svært flink å lesaYa/abtør hho`nee Wara`ami (NT med Salmane på iraqw). Då han var ferdig med soninga i fengselet, kom han til meg og sa: Eg takkar SGI for at dei har hugsa fengselet i tenesta med Guds ord. Det er og på den måten eg har fått boka NT med Salmane. Eg bed dykk om at de ikkje må forsøma denne tenesta.

Sist søndag gledde eg meg over ein ungdom som las frå NT med Salmane. Han las 2. Tim. 3:14-17 med høg røyst, og utan å hakka, utan å lesa feil. Og dei av iraqw-stammen som var tilstades lærte utantill versa 16-17. Fangane gler seg over denne tenesta med Guds Ord, og dei bed om at dei må få iraqwbibelen eller NT med Salmane, og songboka, før dei reiser heim.

**Joshwa.**



*Joshwa viser bokvogna som han brukar når Han er på marknaden å sel bøker og kassetar*

## ”EIT UNDERLEG KURS.”

Fyrste lesekurset er over. Det er avslutningskveld. Assisterande biskop har delt ut kursbevis til dei 18 deltakarane frå 8 ulike kyrkjesamfunn. Takksame og lærelystne deltakarar. Heilt til slutt ber representanten frå den katolske kyrkja om ordet. Han er ein tidlegare fylkesskulesjef som no sette seg på skulebenken for å læra å lesa og skriva morsmålet sitt. Han sa mellom anna: ”I mange år har vi forakta morsmålet vårt. Vi ville berre læra swahili og engelsk, og tykte at iraqw var heilt fortasteleg. Kva kunne vel det brukast til? – Men no takkar vi den lutherske kyrkja som har teke seg av dette store arbeidet med å omsetja heile Bibelen til iraqw. Med dette arbeidet har dei og løfta opp iraqw-språket frå vanvyrnaden og gjort ære på det. Og no gleder vi oss til å få vår eigen Bibel. ”Ei spesiell takk må de senda til SGI som tok kostnaden ned dette seminaret som vi har fått heilt gratis for å førebu oss til å lesa iraqwbibelen.”



### **Kristina Mallange sin kommentar til fyrste seminaret:**

”Detter er eit underleg kurs. Eg har aldri opplevd noko linande. Alle er ivrige etter å læra. Ingen protesterer. Kan det vera kursopplegget og overteljinga som gjer det? Eller er det den Heilage Ande som arbeider?”

### **Og assisterande biskop kommenterte i sin avslutningstale:**

”Kor stort det er å oppleva at representantar frå 8 ulike kyrkjesamfunn er samla på dette kurset i fred og forståing, alle med same målet for auga, å rydda vekk hindringane for iraqwbibelen, så alle kan få læra å lesa Bibelen på morsmålet sitt. ”Det er ein slik fredeleg sameksistens vi ofte strevar etter å få på andre felleskyrkjelege møte utan å oppnå det. Her har de greidd det, Gud vere takk for det! Gud velsigne dykk!”

### **Seminaret på Waama bibelskule 24--27. mai 2004.**

Ei veke seinare er det avslutning på lesekurset på Bibelskulen på Waama. Rektor og dei fleste av lærarane på bibelskulen tok del på seminaret saman med elevane, 67 deltakarar i alt. Alle tok eksamen siste kursdagen,



og omsetjingsteamet gjorde ein stor innsats for å retta eksamens-oppgåvene før avslutninga same kvelden. Då var generalsekretæren i Mbulu bispedømme invitert til å halda tale og dela ut kursbevis. Under stor jubel frå den fullsette salen kom rektor fram og tok imot sitt kursbevis, eit kurs i å lesa og skriva morsmålet, og å læra det same vidare til andre. Omsetjingsteamet og lærarane på bibelskulen fekk kveldsmat på lærarrommet etterpå. Der kunngjorde generalsekretæren at innviingshøgtida for iraqwbibelen den 25. juli i år, no er lagt til bibelskulen. Eg kan ikkje beskriva den gleda som denne meldinga blei møtt med. Kristina Mallange som har vore lærar ved bibelskulen i mange år, og no har

vore med i omsetjingsteamet for GT dei siste 12 åra, ho klappa i hendene og sa: ”Takk, Gud, for at eg skulle få oppleva dette. Dette er ei stor gåve til meg frå Gud. Etter alle desse åra ved bibelskulen og no sist i omsetjinga av iraqwbibelen skal eg få vera med når bibelen vert innvigd akkurat her på Waama. Det er heilt rett, for dette er jo bibelen sin plass. Gud vere takk!” Leiaren for omsetjingsteamet, Zakayo A. Xufo kunne så opplysa at det gjennom SGI har kome ei gåve til to klassesett med iraqwbiblar til bibelskulen, 70 biblar i alt. Jubelen vart ikkje mindre! Astrid og eg blei bedne om å formidla hjarteleg helsing og stor takk til gjevarane av denne kjærkomne gåva. Samveret blei avslutta med bønne ved den læraren som har ansvaret for iraqw-undervisninga ved skulen. Det gjekk som eit stille ekko gjennom flokken då ho bad: ”Kjære Gud, takk for at du har sett iraqwfolket!”

Takk til dykk som er med på å gjera det mogeleg å halda desse kursa. Vi reknar med at mange skal læra lesa og skriva iraqw i sommar. Kurset kostar ca Nkr. 55,- per deltakar, og utan dykkar hjelp kan vi ikkje greie dette. Sjølv skal eg halda 5 slike seminar, og eg skulle ynskja du kunne vore med å sett iveren og gleda til deltakarane.

Varm helsing frå Frøydis

## *Hyrde og lam.*

Far hadde sauer, nå har andre teke over, men det hender eg får vera med.

Ein kveld hørde eg eit lam som mekra i nærleiken av naboane mine og gjekk for å sjå om det hadde sett seg fast. Det kom springande mot meg, men det var heilt åleine. Det viste seg at mora ikkje brydde seg om det og det var komme bort frå dei andre. Eg tok det i armane og trong litt tid til å finna ut av ting og finna mora, men ho vørde det ikkje. Då eg bar lammet, tenkte eg på ordet om at Herren ber oss. Jes.46,4. Eg har vel tenkt at det er til plage og bry for Herren når han må bæra meg, men eg opplevde glede ved å bera denne kvelden. Det trur eg Herren også gjer når barna hans treng spesiell behandling.

Ein dag kalla sauebonden på sauene og dei kom springande, sikkert i håp om å få mjøl. Men ein vart ståande saman med to lam og brekta. Eg gjekk for å få den inn, og lurte på om noko var galt med dei. Det var det ikkje, men eit tredje lam hadde sett seg fast mellom ein gard og eit nettinggjerde. Sauen viste omsorg. Ein annan gong var uvanleg mange sauer og lam samla på ein plass. Ein av sauene låg på ryggen og kunne ikkje komma rundt sjølv. Dei andre kunne heller ikkje hjelpa. Du så kjekt å få gi eit dytt, og så var sauene redde!

Så heldige dei er som er borne av "Den gode hyrdingen"! Tenk han elska alle så høgt at han ga livet sitt for oss!

*Kjellfrid Eggebø*

**I dag, 7. juni** kom fleire av dei som gjekk på det første lesekurset til Frøydis, mellom dei ein mann i 70åra, for å få bøker og materiell og hjelp til å starta eigne kurs.

**Skal ikkje me vera med å hjelpa desse?**

Frøydis sjølv skal starta kurs førstkomande onsdag. Der har det meldt seg 30 stykker medan det er plass til 23.

På denne måten vil lesekunsten breia seg som ringar i vatnet utover Iraqw-landet, - **og rydda veg for Bibelen !**

### **Me takkar**

- for at Gud har gitt oss vilje og mot til å fortsetja
- for trufaste forbedarar og gjevarar
- for eit godt årsmøte som som inspirerte til fortsett innsats
- for at turen til Nora og Nora Johanne vart vellukka og til velsigning

### **Me ber**

- om inspirasjon og driv over arbeidet på vegen vidare
- for arbeidet med typesetting av Bibelen i Nairobi
- for arbeidet med nye bibelske billedseriehefte
- for kontakt med bibellesarar i andre kyrkjesamfunn
- for arbeidet med leseøvingshefte med bibelske tekstar
- for problemfri kommunikasjon mellom arbeidet heime og ute

#### **Gåver til:**

**"Støttegruppa for Iraqw-Bibelen"**

Postgiro: 0530 13 41379

**Admis.: Nora Klungseth**

Postboks 29, 6882 Øvre Årdal

Tlf.: 416 76 548 Fax: 57 66 26 55

E-post: [norakl@online.no](mailto:norakl@online.no)

**Frøydis Nordbustad**

Postboks 95,

6882 Øvre Årdal

Tlf.: 57 66 19 50

E-post: [fnordb@online.no](mailto:fnordb@online.no)

#### **"Nytt om Iraqw-Bibelen"**

I redaksjonen: Ingeborg Askeland,

Valfrid Haugvaldstad Kjølsvik

Redaktør: Gunvor Grødem

Grødem, 4340 Bryne

Tlf./faks: 51 48 71 31

E-post: [gu-gro@online.no](mailto:gu-gro@online.no)

**IRAQW-BIBELEN**  
**VÅRT KALL**